

Vedtekter for Imsland Grendautval

Stifta 1993

Revidert og vedtatt ved årsmøte 14. februar 2023

1. Imsland Grendautval er eit utval for å representere innbyggjarane i bygda, Imsland.

2. Formål

Imsland Grendautval skal

- vere eit bindeledd mellom alle innbyggjarane i bygda og Vindafjord kommune.
- arbeida for å få til ei levande og god bygd å bu i og tek difor opp saker som er av allmennyttig interesse for bygda. Alle kan koma med innspel om saker.
- Være høyringsinstans i saker som særleg vedkjem Imsland.

3. Årsmøte

Årsmøtet er Grendautvalets øvste myndigheit. Det er opent for alle med fast bustadadresse i Imsland. Kvar innbyggjar som oppfyller kriteriet til å delta på årsmøte, og er over 16 år, har ei stemme. Alle saker, med unntak av vedtektsendringar, avgjerds med alminneleg fleirtal av dei møtande. I tilfelle stemmelikskap avgjerds saka ved loddtrekning

- a) Årsmøte blir halde innan utgangen av februar kvart år. Tid og stad blir fastsett av styret.
- b) Årsmøte blir annonsert på Imsland si heimeside - www.imsland.info og Imsland Grendautvals Facebook side, seinast 4 veker før møte
- c) Innkomande saker skal sendes styret seinast 2 veker før årsmøte.
- d) Saksliste publiserast på www.imsland.info og Imsland Grendautvals Facebook side seinast 1 uke før.
- e) Ekstraordinært årsmøte kan innkallast av leiaren når styret eller minst 1/3 av stemmerettmessige forlanger det. Innkalling med saksliste skjer med minst 14 dagars varsel.

4. Årsmøtes oppgåver

I ordinært årsmøte handsamast:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar
3. Val av referent
4. Val av to stemmerettmessige til å underskrive protokollen saman med møteleiaren
5. Styrets årsmelding
6. Rekneskap
7. Orientering om aktuelle saker
8. Andre saker som er nemnt i innkallinga

9. Val av styrets leier
10. Val av styremedlemmer og varamedlemmer
11. Val av revisor

5. Styret

Styrets oppgåve: Arbeida etter vedtekter, årsmøtets avgjerd og fremma saker som er med på å skape trivsel og positiv utvikling i bygda.

- Styret har minst 5 medlemmer: 1 leiar og 4 styremedlemmer med følgjande funksjoner: Nestleiar, kasserar og sekretær. Det skal være 3 varamedlemmer i nummerorden til styret.
 - Leiar blir særskild vald og vald for 1 år.
 - Styremedlemmer blir valde for 2 år
 - Varamedlemmer blir valde, i nummerorden, for 1 år
 - Medlemmer og varamedlemmer skal oppfylle kriteriene for å delta på årsmøtet for å være valbare.
- Styret konstituerer seg i fyrste styremøte etter årsmøte og vel nestleiar, kasserar og sekretær.
- Styreleiar kallar inn til styremøte, når saken(e) trenger eit styrevedtak eller det er behov. Før møtet lages ei enkel sakliste til møtet.
- Varamedlem(mer) blir kalla inn til styremøte når styreleiar vurderer at det er behov for dette.
- I saker som krev avrøysting, har leiaren dobbelstemme ved stemmelikskap.
- Styret er vedtaksfør når leiar eller nestleiar, og to av dei andre medlemmene er til stede.
- Det blir skrive referat frå kvart styremøte. Referata blir sende til grendautvalets e-post og blir publisert på www.imsland.info, etter godkjenning.

6. Valordning

Det skal arbeidast for å sikre at styret er samansett av personar med ulikt kjønn og alder.

Val av styremedlemmer og leiar skal alltid skje skriftleg når det føreligger to eller fleire kandidatar. Når fleire blir valt ved same avstemming, reknast dei valde dei som har oppnådd flest stemmer. Ved stemmelikskap blir valet avgjort ved loddtrekning.

Årsmøtet veljar kvart år ein revisor. Revisor blir vald for 1 år.

7. Vedtektsendringar

Endring av vedtekter skjer i årsmøte eller ekstraordinært årsmøte. Det skal stå i innkallinga kva forslaget til endring går ut på. Til gyldig vedtak krevjast 2/3 stemmefleirtal blant de møtande.